




HERØY  
kommune

# Folkevalde sine arbeidsvilkår

Leiar- og møtegodtgjersle for kommunale ombod i  
styre, råd og utval 2023-2027



EI BÅTLENGD FØRE



---

# 1. Ordførar og varaordførar

## 1a. Ordførar

Ordførar skal ha ei godtgjersle per år lik 10 G. Ordføraren skal meldast inn i kommunen si pensjonsordning, med unntak ved uttreden av pensjonisttilverelse. Godtgjersla gir ikkje feriepengar. Godtgjersla skal utbetalast i 12 like store rater, og ordføraren skal kunne avvikle 5 veker ferie (6 veker ved 60 år). Ordførar skal melde til formannskapet tida for ferie.

Ordførar skal ikkje ha leiar- og møtegodtgjersle dersom han/ho er leiar av utval. Sjukepengar skal utbetalast på same vilkår som for dei tilsette i kommunen.

Deretter bør formannskapet/kommunestyret vurdere å gjere naudsynte tiltak.

Etterløn: Ordføraren har rett til den faste godtgjersla ut månaden etter konstituerande kommunestyremøte og påfølgjande månad. Ordførar som ikkje kan vende attende til tidlegare arbeidstilhøve etter avgang, har rett til den faste godtgjersla inntil den datoen vedkomande tek til i nytt arbeidstilhøve eller fyller 67 år, men ikkje lenger enn 3 månader etter konstituerande kommunestyremøte.

## 1b. Varaordførar

Varaordførar skal ei godtgjersle per år tilsvarande 20% av ordføraren si godtgjersle. Godtgjersla gir ikkje feriepengar. Godtgjersla skal utbetalast i 12 like store rater, og varaordføraren skal kunne avvikle 5 veker ferie (6 veker ved 60 år).

Godtgjersla omfattar alt arbeid som er tillagt vervet inkludert ferieavvikling i ordføraren sitt fråvær.

Ved lengre tids fråvær som t.d. sjukdom eller permisjonar skal varaordføraren ha ordførargodtgjersla i tida han/ho fungerer som ordførar.

Ved tap av arbeidsforteneste gjeld punkt 6a.

Formannskap/kommunestyre skal vurdere om varaordførar skal tre inn i stillinga som ordførar ved sjukdom eller permisjon. Varaordførar skal då ha godtgjersle i samsvar med regelverket for ordførar med innmelding i pensjonsordning for folkevalde i samsvar med regelverket (punkt 1a).

Sjukepengar skal utbetalast på same vilkår som for dei tilsette i kommunen.

Deretter bør formannskapet/kommunestyret vurdere å gjere naudsynte tiltak.

---

## 2. Møtegodtgjersle

Medlemer av styre, råd, utval, nemnder og komitear oppretta og/eller vald av kommunestyret eller formannskapet skal ha ei møtegodtgjersle på kr 800 per møte og reisegodtgjersle. Dette gjeld ikkje der andre selskap betalar honorar eller reisegodtgjersle.

Der representantar må møte på møter utover ordinære møter skal han/ho ha ei møtegodtgjersle på kr 800. Representanten må sjølv kontrollere og følgje opp korrekt utbetaling av møtegodtgjersle og eventuelt reisegodtgjersle (rapportskjema).

Det skal ikkje betalast møtegodtgjersle når for eksempel ei enkelt sak blir behandla før eit anna tidlegare innkalla møte (for eksempel drøfting av ei formannskapssak ein time/halvtime før kommunestyremøtet).

Ved fjernmøter vert det betalt godtgjersle på lik line som fysiske møter.

Frammøte i ei sak eller fleire delar av eit møte gir rett til halv møtegodtgjersle av fastsett sats.

Det vert ikkje gjeve godtgjersle for hastesaker som vert handsama skriftleg etter kommunelov § 11-8 fjerde ledd.

Det er ein føresetnad at ein har delteke på møtet for å motta godtgjersle.

## 3. Satsar

Kommunestyret	kr. 1 300,-
Formannskapet	kr. 1 300,-
Ungdomsrådet	kr. 500,-
Røystestyret *	kr. 1 200,-
Andre møte	kr. 800,-

\* andre møter som røystestyra tek del i, vert godtgjort etter punkt 2.

---

## 4. Leiargodtgjersle

Administrasjonsutvalet	kr. 5 000,-
Barnerepresentant	kr. 5 000,-
Eldrerådet	kr. 5 000,-
Kontrollutvalet	kr. 15 000,-
Hovudutval og likestilte utval	kr. 15 000,-
Bygg- og anleggsutvalet	kr. 10 000,-
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	kr. 5 000,-
Ungdomsrådet	kr. 5 000,-
Gruppeleiar i kommunestyret	kr. 3 000,-

Kommunestyret fastset leiargodtgjersle i ad-hoc komitear/arbeidsgrupper når desse vert valde. Vanleg møtegodtgjersle kjem i tillegg.

Dersom det ikkje har vore møte i eit utval i løpet av halvåret eller året, skal leiargodtgjersle ikkje utbetalast.

Dersom leiar er vekk frå møte vert leiar trekt i møtegodtgjersle basert på tal møter i året. Dette får den som leiar møtet.

## 5. Reiseutgifter

Dei ombod som har krav på møtegodtgjersle etter ovannemnde reglar, har også krav på å få dekt reiseutgifter etter reglane i Statens reiseregulativ, jf. Kommunelova § 8-3, 1.ledd. Dei som reiser frå andre delar av landet for å delta på møter i styre, råd og utval skal søkje etter rimelegaste reisemåte og avtale med politisk sekretariat før bestilling.

---

## 6. Tapt arbeidsforteneste

### 6a. Erstatning for tapt arbeidsforteneste

Føresetnaden for å krevje erstatning for tapt arbeidsforteneste er at det ligg føre eit faktisk økonomisk tap og at ein har delteke på møtet. Det kan ikkje krevjast erstatning for fråvær som blir innarbeidd, eller for tapte feriedagar.

### 6b. Legitimert tap i arbeidsinntekt

Legitimert tap i arbeidsinntekt vert dekt med inntil kr. 2.500,- per dag.

Ved legitimasjon kan det utbetalast inntil kr. 2.500 som erstatning for tapt arbeidsforteneste samt utgifter til nødvendig vikar per møte og reisedag, jf. elles Kommuneleova § 8-3, andre og tredje ledd.

Legitimasjon: Trekk i løn må dokumenterast av arbeidsgjevaren med oppgåve om kva som faktisk er trekt.

### 6c. Ulegitimert tap

Ulegitimert tap som følgje av vervet, vert dekt med inntil kr. 200 per time eller kr. 1.500 per dag (for 7,5 timar eller meir). Også desse krava må sannsynleggjerast.

### 6d. Sjølvstendig næringsdrivande

Sjølvstendig næringsdrivande skal leggje fram likningsattest over pensjonsgivande inntekt. Tap per dag vert utrekna etter pensjonsgivande inntekt, dividert på 260 dagar, likevel avgrensa til kr. 3.000 per dag (7,5 timar). For mindre enn 7,5 timar per dag vert maksimalsatsen redusert tilsvarande.

Refusjonane under pkt. 6 - 6d skal normalt dekke tap i arbeidsinntekt innafor tidsrommet 08-16 på vanlege arbeidsdagar. Evt. tap av planlagd overtid må i tilfelle dekkast innafor ulegitimert tap.

## 7. Utgifter til pass

Utgifter til pass av eigne barn og tilsyn av familiemedlemer som treng spesiell omsorg, vert kompensert mot dokumentasjon av at pass eller tilsyn er utført, med inntil kr. 150,- per time.

---

## 8. Utbetaling

Ein føresetnad for å få utbetalt godtgjersle er at politisk sekretariat får rapport om haldne møter som gir rett til møtegodtgjersle. Dato og namn på deltakar må opplysast og møteleiar skal signere. Rapportskjema skal nyttast.

Dette gjeld ikkje møter i punkt 4.

Møtegodtgjersle vert utbetalt månadleg.

Tappt arbeidsforteneste, reiserekningar og barnepass vert utbetalt løpande/ved første løns- utbetaling etter at rekning er motteken og godkjent. Dei som krev tappt arbeidsforteneste og refusjon for barnepass, må sjølv sørge for å sende inn krav og legge ved dokumentasjon. Sekretariatet attesterer/tilviser og sender det til lønnsavdelinga for utbetaling.

## 9. Kompensasjon

Formannskapet kan fastsetje kompensasjon for andre særskilte utgifter som kan oppstå i samband med utføringa av vervet som ombod.

## 10. Ulykkes-/yrkesskedeforsikring

Kommunale folkevalde er omfatta av ulukkes-/yrkesskedeforsikringa som Hovudtariffavtalen § 11 pålegg kommunen. Forsikringa gjeld under utøving av vervet, samt på reise til og frå og under utøving av representasjonsplikter.

## 11. Telefongodtgjersle

Ordfører og varaordfører får tildelt kommunalt mobiltelefon om ønskeleg.

Revidert november 2024

Herøy kommune  
Rådhusgata 5

Postboks 274  
6099 Fosnavåg

